



MØTEINNKALLING KONTROLLUTVALET

Møtedato: 23.02.2017
Møtested: Heradshuset, Dale
Møtetid: 15:00 - 18:00

Eventuelle forfall / melding om møtande varamedlem må meldast til Roger Erlandsen epost roger.erlandsen@askoy.kommune.no tlf 56158040/47628925.

Møtet starter med ein omvisning på Daletunet på Dale. Deretter fortsetter møtet på Heradshuset

SAKSLISTE

SAKSNR	TITTEL
01/2017	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
02/2017	GODKJENNING AV MØTEBOK
03/2017	REFERATSAKER OG MELDINGAR
04/2017	BESØK AV EINING: DALETUNET PÅ DALE
05/2017	ÅRSMELDING KONTROLLUTVALET FOR 2016
06/2017	KONKURRANSEUTSETTING AV REVISJONSTENESTER FOR VAKSDAL KOMMUNE - ARBEIDSMØTE

ANDRE SAKER/DRØFTINGAR

Kort orientering / løypemelding frå rådmannen om framdrift, vurderinger og status i sak 32/16 pr. dd. (32/16 - ORIENTERING FRÅ RÅDMANNEN OM SAKSHANDSAMING AV SAK «STAMNES SENTRUM VIDAREUTVIKLING»)

20. februar 2017

Boris Groth /sign/
Leiar



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
01/2017	Kontrollutvalet	PS	23.02.2017

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sølvi Legård	FE - 033	17/231

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
02/2017	Kontrollutvalet	PS	23.02.2017

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sølvi Legård	FE - 033	17/231

GODKJENNING AV MØTEBOK

Vedlegg:

Protokoll - Kontrollutvalet - 07.12.2016

Framlegg til vedtak:

Møteboka vert godkjent slik ho ligg føre.



MØTEPROTOKOLL KONTROLLUTVALET

Møtedato: 07.12.2016
Møtestad: Vaksdal sjukeheim
Møtetid: 15:00 - 18:00

Møtet starta med besøk på Vaksdal sjukeheim

Møtedeltakarar:

Medlemmer	Parti	Rolle
Boris Groth	FRP	Utvalsleiar
Bente Jorunn Sundheim	H	Nestleiar
Bjørg Aase Nottveit Hop	AP	Medlem
Odd Jøran Oldervik	SV	Medlem
Terje Davidsen	AP	Medlem

Andre møtande:

Konst. rådmann Åse Elin Myking
Representant frå Deloitte
Roger F. Erlandsen, sekretær

Saksliste

SAKSNR	TITTEL
39/2016	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
40/2016	GODKJENNING AV MØTEBOK
41/2016	REFERATSAKER OG MELDINGAR
42/2016	BESØK AV EINING: VAKSDAL SJUKEHEIM
43/2016	ORIENTERING FRÅ RÅDMANNEN PÅ OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJONEN AV HEIEMETENESTA (2015)
44/2016	ORIENTERING FRÅ RÅDMANNEN OM SAKSHANDSAMING AV SAK «STAMNES SENTRUM VIDAREUTVIKLING»



39/2016: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Kontrollutvalet 07.12.2016

Behandling:

KONT - sak 39/2016 Vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

40/2016: GODKJENNING AV MØTEBOK

Framlegg til vedtak:

Møteboka vert godkjent slik ho ligg føre.

Kontrollutvalet 07.12.2016

Behandling:

KONT - sak 40/2016 Vedtak:

Møteboka vert godkjent slik ho ligg føre.

41/2016: REFERATSAKER OG MELDINGAR

Framlegg til vedtak:

Referatsakene vert tatt til orientering.

Kontrollutvalet 07.12.2016

Behandling:



KONT - sak 41/2016 Vedtak:

Referatsakene vert tatt til orientering.

42/2016: BESØK AV EINING: VAKSDAL SJUKEHEIM

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen som kom fram i besøket av Vaksdal sjukeheim til orientering.

Kontrollutvalet 07.12.2016

Behandling:

Kontrollutvalet ynskjer å bli nærare kjent med forskjellige einingar i kommunen. I starten av dette møtet vitja kontrollutvalet Vaksdal sjukeheim. Ein hjelpepleiar viste KU rundt i tidsrommet kl 15.00 til ca kl 15.45.

Omvisninga starta i første etasje der ein kan finne aktivitetstove, fysioterapeut og frisør. I tillegg er kjølerom og tørrom å finne i denne etasjen.

Dementavdelinga er i 2. etasje. Her er det plass til 15 personar, med einerom til alle. Kapellet er i denne etasjen.

I tredje etasje er det somatisk avdeling med plass til 17 personar, med einerom til alle også her.

Kontrollutvalet stilte spørsmål på vandringa rundt på sjukeheimen, og hjelpepleiaren kunne svare godt på spørsmåla.

Eit KU-medlem spurde korleis bemanninga blei berekna. Rådmannen svarte at bemanninga på sjukeheimen er berekna ut frå ein pleiefaktor, men kunne ikkje oppgi faktoren direkte i møtet.

Kontrollutvalet var nøgd med omvisninga.

KONT - sak 42/2016 Vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen som kom fram i besøket av Vaksdal sjukeheim til orientering.



43/2016: ORIENTERING FRÅ RÅDMANNEN PÅ OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJONEN AV HEIEMETENESTA (2015)

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringa frå rådmannen om oppfølging av forvaltningsrevisjonen av Heimetenesta (2015) til orientering.

Kontrollutvalet 07.12.2016

Behandling:

Leiar for KU informerte rådmannen om at kontrollutvalet ønskjer slike orienteringar samstundes som dei gis til kommunestyret.

Rådmannens informasjon (sjå rapport frå rådmannen for utfyllande informasjon).

- **Rutinar og prosedyrar**
 - Her jobbes det kontinuerlig heile tida
 - I 2016 har kommunen hatt gjennomgang av medikamenthandtering av farmasøyt, og opplæring og gjennomgang av gjeldande retningslinjer blant dei tilsette
 - Rutinane blir ved behov endra av leiinga i samarbeid med dei tilsette, og kommunisert ut via e-post som blir sendt dei tilsette kvar freda
 - Prosedyrehefte der dei enklaste oppgåvene vert beskrivne vert laga før sommaren 2016
 - Tilsette vert oppfordra til å skriva avvik. Samlerapporter vert laga av avdelingsleiar kvar månad. Alvorligheitgrad blir vurdert, og rutinar blir endra ved behov.
 - Kommunen er i gang med å ta i bruk eit elektronisk kvalitetssystem

- **Korleis heimetenesta bruker tida i arbeidet**
 - Dei aller fleste brukarane er innanfor ein radius på ca 20 minuttar, og svært mange er innanfor ca 15 minuttar
 - Det arbeides systematisk og kontinuerlig med arbeidslister i heimesykepleien
 - Det legges vekt på løysingar som ikkje fører til sløsing av tid
 - Dei tilsette i praktisk bistand (heimhjelp) har arbeidsdagane sine knytt til geografi, og samkjøring i bil fører til mindre unødig tid på kjøring
 - Fleire gonger i veka startar nokre tilsette arbeidsdagen i nærheten av der dei bur
 - Nettbrett og mobil gir god tilgjengelegheit

- **Tiltak som kan bidra til å redusere sjukefraværet**
 - Samlingar og møter med tilsette (i heimesykepleien) der prosedyrar og rutinar drøftes, med det mål å gjere arbeidsdagen enklare/betre tilrettelagt
 - Bedriftshelsetenesta er nytta til kartlegging og planlegging av tiltak
 - Det jobbes for at arbeidstilhøva ikkje skal føra til belastning
 - Sosiale tilstellingar for å auke jobbtrivsel, tilhøyrrighet og samhold
 - Tett oppfølging av sjukemeldte og dei som har ulønna permisjon
 - Fokus på kommunikasjon og kompetanseheving
 - Tidlig oppfølging og tettare samarbeid med NAV og lege



- **Vurderer om det er behov for å avklare nærare forvaltningskontoret sine oppgaver opp mot andre tenesteeiningar i kommunen**

Forvaltningskontoret har rolla som koordinerande eining i kommunen, og det er samarbeid på tvers av einingar i ulike ansvarsgrupper rundt brukarane.

Alle brukarane skal i løpet av 1. tertial 2017 kartleggjast i forhold til kva teneste dei mottar. Det vil då komme fram om tenestetilbodet til brukarar med mange tenester er hensiktsmessig. Forvaltningskontoret vil vera involvert i dette arbeidet.

KONT - sak 43/2016 Vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringa frå rådmannen om oppfølging av forvaltningsrevisjonen av Heimetenesta (2015) til orientering.

44/2016: ORIENTERING FRÅ RÅDMANNEN OM SAKSHANDSAMING AV SAK «STAMNES SENTRUM VIDAREUTVIKLING»

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringa frå rådmannen om sakshandsaminga av sak «Stamnes sentrum vidareutvikling» til orientering.

Kontrollutvalet 07.12.2016

Behandling:

Rådmannen informerte om sakshandsaminga:

- I 2010-2011 blei det satt av pengar til Stamnes sentrum
- Det blei i denne samanhengen satt ned ein politisk arbeidsgruppe av kommunestyret som skulle jobbe med ein reguleringsplan
- Når reguleringsplanen var ferdig blei arbeidsgruppa lagt ned
- Seinare kom ein lokal arbeidsgruppe (ikkje nedsatt av kommunestyret) med eit eget initiativ som gikk til behandling i formannskapet i april 2015
- I vedtaket i formannskapet (april 2015) blei det vedteke at det skal inngås samarbeid med den lokale arbeidsgruppa for utvikling av Stamnes sentrum
- Saka blei deretter behandla i kommunestyret i juni 2015 der det blei vedteke å utsetje saka, og at den vart å bli vurdert på nytt i samband med budsjettarbeidet for 2016
- Våren 2016 blei det holdt eit møte mellom kommunen og den lokale arbeidsgruppa
- Forslag frå arbeidsgruppa blei fremma som sak i formannskapet *) og kommunestyret
- Med omsyn til kjøp av gardsnummer 45, bruk 6, blei det i kommunestyret fatta eit vedtak om at dette skal skje på bakgrunn av uhilda takst (ihht til rådmannen sin innstilling). Administrasjonen fikk i oppgåve å lage ein samarbeidsavtale med arbeidsgruppa for Stamnes sentrum



*) I behandlinga i formannskapet blei det stilt spørsmål om habilitet til ein person som tidlegare hadde vore medlem i arbeidsgruppa. Etter behandling av spørsmålet blei det vedteke at personen var habil.

Deloitte uttalte i møtet at dei er enig i at prisen for kjøpet av gardsnummer 45, bruk 6, må skje på grunnlag av uhilda takst. Spørsmålet om habilitet meinte dei var vanskelig å vurdere, då reglene for private arbeidsgrupper er uklare. Dei fant ikkje noke grunnlag for å hevde at habilitetsvurderinga var feil.

Deloitte viste til at administrasjonen har fått i oppgåve å lage ein samarbeidsavtale med arbeidsgruppa for Stamnes sentrum (vedtak kommunestyret 82/2016). Samarbeidsavtalen skal så til politisk behandling. Deloitte meinte at det kan være lettare å vurdere saka som heilhet når saksutredninga frå rådmannen er utarbeida. Deretter må det sjåast på kva for nokre vedtak som fattas i formannskapet og kommunestyret.

KONT - sak 44/2016 Vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringa frå rådmannen om sakshandsaminga av sak «Stamnes sentrum vidareutvikling» til orientering.

Kontrollutvalet ber om å bli holdt løypande orientert om saka.



ANDRE SAKER

1.

I kontrollutvalmøte 13.10.16 i sak 24/16 HFK, *TILBOD SEKRETARIATTENESTE*, sendte KU i vedtak innstilling til kommunestyret om å bestille sekretariattjenester av Hordaland Fylkeskommune.

Administrasjonen sendte ikke saka direkte til kommunestyret, men sendte den til formannskap/plan- og økonomiutvalet. Leiar for KU spurde rådmannen kvifor saka ikke blei sendt direkte til kommunestyret.

Rådmannen svarte at ordføreren meinte at den skulle sendes til formannskap/plan- og økonomiutvalet. Årsaka til dette er at saka hadde eit økonomisk element i seg, og at den då måtte sendes til formannskap/plan- og økonomiutvalet.

Deloitte uttalte at behandlinga av denne saken p.t. kan utførast slik kommunen gjorde. Dei opplyste at kommunelovutvalet jobber for at innstilling om valg av sekretariattjeneste skal gå som sak direkte frå kontrollutvalet til kommunestyret.

Leiar for KU uttalte at han hadde ønska at kommunen hadde varsla kontrollutvalet om saksbehandlinga av saka.

Det blei protokollert at «Kontrollutvalet er orientert om vidare saksgang på kjøp av sekretariattjenester for kontrollutvalet».

2.

Eit medlem spurde rådmannen om leigeordning med tilsynslege skulle sies opp ved utgangen av 2016.

Rådmannen svarte at arbeidet med dette ikke var ferdig, og at det ikke er konkludert med noko i denne saka p.t.



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
03/2017	Kontrollutvalet	PS	23.02.2017

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sølvi Legård	FE - 033	17/231

REFERATSAKER OG MELDINGAR

Underliggjande saker:

Saksnummer	Tittel
03/2017.1	MELDING OM VEDTAK - BUDSJETT KONTROLLUTVALET 2017
03/2017.2	MELDING OM VEDTAK - HFK, TILBOD SEKRETARIATTENESTE

Framlegg til vedtak:

Referatsakene vert tatt til orientering.



Kontrollutvalet i Vaksdal
Sekretariatet v/Roger Erlandsen

Referanser:

Dykkar:
Vår: 16/1488 - 16/8899

Saksbehandlar:

Roger Erlandsen
roger.erlandsen@askoy.kommune.no

Dato:

21.12.2016

MELDING OM VEDTAK - BUDSJETT KONTROLLUTVALET 2017

Saka er behandla i Kommunestyret 12.12.2016 - Sak 102/2016

Det er gjort slikt vedtak:

Budsjett for Vaksdal Kontrollutval for 2017 vert vedtatt slik det ligg føre.

Budsjettpost	Kr
Revisjon årsrekneskap	134 000
Forvaltningsrevisjon	285 000
Andre revisjonsoppgåver, m.a. momskontroll	64 500
Andre utgifter til revisjon, reiser, m.m.	67 500
Møtegodtgjersle, km-godtgjørelse m.v./5 møter	41 000
Andre utgifter	30 000
Kurs/konferanse	25 000
Sekretærtjenester KU, Hordaland Fylkeskommune	122 000
TOTALT	769 000

Alle beløpa er ekskl. mva

Rett utskrift:

Sølvi Legård
Politisk sekretær

Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen underskrift.

Post

post@vaksdal.kommune.no
Konsul Jepsensgt. 16, 5722 Dalekvam

Kontakt

www.vaksdal.kommune.no
Telefon +47 56 59 44 00
Telefaks +47 56 59 44 01

Konto

Org.nr. 961 821 967

Kontrollutvalet v/sekretariatet

Referanser:

Dykkar:
Vår: 16/1487 - 17/1300

Saksbehandlar:

Sølvi Legård
solvi.legard@vaksdal.kommune.no

Dato:

16.02.2017

MELDING OM VEDTAK - HFK, TILBOD SEKRETARIATTENESTE

Saka er behandla i Kommunestyret 13.02.2017 - Sak 07/2017

Det er gjort slikt vedtak:

Vaksdal kommune inngår avtale med "Sekretariat for kontrollutvalet v/Hordaland fylkeskommune (HFK)" om sekretariatstenester for kontrollutvalet i samsvar med mottatt tilbud av 04.10.2016 m/vedlegg referert i følgjande dokument:

- Tilbod sekretariatstenester for kontrollutvalet i Vaksdal kommune
- Avtale mellom Hordaland fylkeskommune og Vaksdal kommune om sekretariatstenester for kontrollutvalet - unnateke offentleggjering, offl § 13 jfr fvl § 13
- Skildring av korleis vi vil gjennomføre oppdraget - unnateke offentleggjering, offl § 13 jfr fvl § 13

Nytt sekretariat tiltrer etter nærare avtale med Vaksdal kontrollutval.

Endringar i kostnader med KU si sekretariatsteneste ved overgang til ny teneste vert å innarbeide i budsjett for 2017 ved budsjettjustering ved tertialrapport 1.

Rett utskrift:

Sølvi Legård
Politisk sekretær

Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen underskrift.

Post

post@vaksdal.kommune.no
Konsul Jebbensgt. 16, 5722 Dalekvam

Kontakt

www.vaksdal.kommune.no
Telefon +47 56 59 44 00
Telefaks +47 56 59 44 01

Konto

Org.nr. 961 821 967



VAKSDAL KOMMUNE

Mottakar:

Kontrollutvalet v/sekretariatet

Kopi til:

Askøy kommune

Hordaland fylkeskommune



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
04/2017	Kontrollutvalet	PS	23.02.2017

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Roger Erlandsen	FE - 033	17/231

BESØK AV EINING: DALETUNET PÅ DALE

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen som kom fram i besøket av Daletunet til orientering.

Saksopplysningar:

Kontrollutvalet ynskjer å bli nærare kjent med forskjellige einingar i kommunen. Det er avtalt å besøke Daletunet på Dale.



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
05/2017	Kontrollutvalet	PS	23.02.2017

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Roger Erlandsen	FE - 033, TI - &14	17/232

ÅRSMELDING KONTROLLUTVALET FOR 2016

Vedlegg:

Årsmelding kontrollutvalet 2016

Framlegg til vedtak:

Årsmelding for Vaksdal Kontrollutval for 2016 godkjennes slik den ligg føre.

Saksopplysningar:

Leiar for kontrollutvalet tek ein gjennomgang av årsmeldinga for kontrollutvalet i 2016.

KONTROLLUTVALET I VAKSDAL

ÅRSMELDING 2016

1. SAMANSETNING AV UTVALET

Medlemer

Boris Groth, leiar
Bente Jorunn H. Sundheim, nestleiar
Bjørg Aase Nottveit Hop
Odd Jøran Oldervik
Terje Davidsen

Varamedlemer:

1. Anny Bjordam Leiren
2. Roald Brekke
3. Olav Jarl Bruvik
4. Jeanette Eriksen
5. Ole Petter Lien
6. Frank Robert Aas
7. Britt Opheim

Sekretær: Roger F. Erlandsen, Askøy kommune

2. MØTEVERKSEMD

Utvalet har i 2016 hatt 6 møte, og det er registrert 32 saker.

Tilsette i kommuneadministrasjonen har møtt etter innkalling frå kontrollutvalet.

Representant frå Deloitte har ikkje fast møteplikt, men er til stades på møta enten etter eige interesse eller etter innkalling frå kontrollutvalet.

SAKER UTVALET HAR HATT TIL HANDSAMING

a. Innstillingssaker

Som kommunen sitt kontrollorgan skal kontrollutvalet med bakgrunn i revisjonsmeldinga gje uttale om årsrekneskapen før han skal vedtakas av Kommunestyret.

I 2016 har kontrollutvalet fått seg førelagt følgjande rekneskap:

Rekneskap Vaksdal kommune for 2015.

Rekneskap Vaksdal Kommunale Arbeids og Opplæringscenter for 2015.
(AO-Senteret).

b. Saker i 2016

Sak	Møtedato	Sak nr
ORIENTERING OM OMSORGSBOLIGER	27.01.16	01/16
PROSJEKTPLAN FOR UTARBEIDING AV PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON, OG PROSJEKTPLAN FOR UTARBEIDING AV PLAN FOR SELSKAPSKONTROLL: <u>PROSESSMØTE 1</u>	27.01.16	02/16
FØRESPURNAD I SAMANHENG MED BOGE 3 KRAFTVERK	27.01.16	03/16
ORIENTERING OM OMSORGSBOLIGER	27.04.16	04/16
REKNESKAP OG ÅRSMELDING VAKSDAL KOMMUNE FOR 2015	27.04.16	05/16
REKNESKAP OG ÅRSMELDING VAKSDAL KOMMUNALE ARBEIDS OG OPPLÆRINGSSENTER FOR 2015	27.04.16	06/16
FØRESPURNAD I SAMANHENG MED BOGE 3 KRAFTVERK	27.04.16	07/16
REVISJONSTENESTER	27.04.16	08/16
REKNESKAP OG ÅRSMELDING VAKSDAL KOMMUNE FOR 2015	11.05.16	09/16
REKNESKAP OG ÅRSMELDING VAKSDAL KOMMUNALE ARBEIDS OG OPPLÆRINGSSENTER FOR 2015	11.05.16	10/16
ÅRSMELDING KONTROLLUTVALGET FOR 2015	11.05.16	11/16
INFORMASJON FRA HFK OM SEKRETARIATTENESTE	11.05.16	12/16
GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE	14.09.16	13/16
GODKJENNING AV PROTOKOLL	14.09.16	14/16
ORIENTERING OM OMSORGSBOLIGER	14.09.16	15/16
PROSJEKTPLAN FOR UTARBEIDING AV PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON, OG PROSJEKTPLAN FOR UTARBEIDING AV PLAN FOR SELSKAPSKONTROLL: <u>PROSESSMØTE 2</u>	14.09.16	16/16
VAL AV NY FORVALTNINGSREVISJON	14.09.16	17/16
HFK	14.09.16	18/16
GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE	13.10.16	19/16
GODKJENNING AV PROTOKOLL	13.10.16	20/16
OPPDATERTE PLANDOKUMENT: PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON, OG PLAN FOR SELSKAPSKONTROLL	13.10.16	21/16
VAL AV NY FORVALTNINGSREVISJON	13.10.16	22/16

EKSTERN REVISOR NY KONKURRANSE – FULLMAKT TIL KONTROLLUTVALET	13.10.16	23/16
HFK, TILBOD SEKRETARIATTENESTE	13.10.16	24/16
TILBOD FRÅ HFK PÅ GJENNOMFØRING AV ANBODSKONKURRANSE FOR REVISJONSTENESTE	13.10.16	25/16
KONKURRANSEUTSETTING AV REVISJONSTENESTENE FOR VAKSDAL KOMMUNE – FORSLAG TIL KONKURRANSEGRUNNLAG	13.10.16	26/16
BUDSJETT KONTROLLUTVALET 2017	13.10.16	27/16
GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE	07.12.16	28/16
GODKJENNING AV PROTOKOLL	07.12.16	29/16
BESØK AV EINING: VAKSDAL SJUKEHEIM	07.12.16	30/16
ORIENTERING FRÅ RÅDMANNEN PÅ OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJONEN AV HEIEMETENESTA (2015)	07.12.16	31/16
ORIENTERING FRÅ RÅDMANNEN OM SAKSHANDSAMING AV SAK «STAMNES SENTRUM VIDAREUTVIKLING»	07.12.16	32/16

Det blei i 2016 utarbeida ny Plan for forvaltningsrevisjon og ny Plan for selskapskontroll for perioden 2016 – 2020.

Kontrollutvalet bestilte ny forvaltningsrevisjon av Deloitte: *Kvalitet i pleie- og omsorgstenestene*. Formålet med revisjonen er å undersøkje i kva grad brukarar og tilsette opplever at omsorgstenestene i Vaksdal kommune har tilfredsstillande kvalitet.

Det blei henta inn tilbud frå Hordaland fylkeskommune v/sekretariat for kontrollutvalet (HFK) på sekretariattjenester for kontrollutvalet i Vaksdal. Tilbodet blei akseptert og vedtatt av kontrollutvalet. (Vedtak om å engasjere HFK som sekretariat for kontrollutvalet blei fatta i kommunestyremøte med møtedato 13.02.2017).

Avtaleperiode for revisjonstenester for Vaksdal kommune går ut 30.06.17. Det blei derfor vedteke å gjennomføre ny konkurranse i høve revisjonstenester for kommunen. Det blei vedteke at Hordaland fylkeskommune v/ sekretariat for kontrollutvalet skulle utføre dette arbeidet.

c. Saker som må følgjast opp i 2017

Foreta forvaltningsrevisjon i samsvar med Plan for forvaltningsrevisjon

Oppfylging av forvaltningsrevisjonsrapportar. Vurdere når selskapskontroll skal gjennomførast.

Rekneskap og årsmelding for Vaksdal kommune for 2016

Rekneskap og årsmelding Vaksdal Kommunale Arbeids og Opplæringscenter for 2016
(AO-Senteret)

Kontrollutvalet takkar for jobben Deloitte har utført som revisor. Kontrollutvalet takker for godt samarbeid med kommunen, og ser fram til eit godt samspel også i året som kjem.

Leiar for KU takkar medlemene for godt samarbeid og innsats i 2016.

Dalekvam februar 2017

KONTROLLUTVALET I VAKSDAL

Boris Groth
Leiar

Bente Jorunn H. Sundheim
Nestleiar

Björg Aase Nottveit Hop
Medlem

Odd Jøran Oldervik
Medlem

Terje Davidsen
Medlem



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
06/2017	Kontrollutvalet	PS	23.02.2017

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Roger Erlandsen	FE - 216	16/1486

KONKURRANSEUTSETTING AV REVISJONSTENESTER FOR VAKSDAL KOMMUNE - ARBEIDSMØTE

Framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksopplysningar:

Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet i Vaksdal kommune handsama i møte 13.10.2016 sak 25/16 og gjorde då slikt vedtak:

1. *Med atterhald om at kommunestyret vedtek innstilling frå kontrollutvalet i sak «Ekstern revisor ny konkurranse – Fullmakt til kontrollutvalet» i møte 14.11.16, vert framlagt konkurransegrunnlag vedteke.*
2. *Sekretariatet som bistår med konkurransen, får fullmakt til å gjera naudsynte redaksjonelle og strukturelle endringar i konkurransegrunnlaget før det vert sendt ut.*

Kommunestyret i Vaksdal kommune handsama i møte 14.11.16 sak 80/16 der det etter innstilling frå kontrollutvalet vart gjort slikt vedtak:

«Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å gjennomføra ny konkurranse i høve revisjonstenester for Vaksdal kommune. Tidsramma må leggjast slik at den som vert valt ut frå konkurransen, er revisor fom. 01.07.2017. Fullmakta omfattar gjennomføring av heile prosessen, herunder:

- *Utarbeiding og godkjenning av tilbodsdokument*
- *Knytta til seg naudsynt hjelp.*
- *Vurdera mottekne tilbod og innstilla overfor kommunestyret på val av revisor.»*

Drøfting:

Anbudsfristen gjekk ut 11.01.2017 kl. 12.00. Sekretariatet har gjennomgått og evaluert dei innkomne tilboda og førebudd arbeidsmøtet ut frå det. I dette arbeidet har sekretariatet nytta

innkjøpsseksjonen i Hordaland fylkeskommune som rådgjevarar. Tanken er at vårt forslag til evaluering skal presenterast for kontrollutvalet i dette møtet. På bakgrunn av denne presentasjonen bør utvalet i møtet gjera si eiga vurdering av tilboda. Resultatet av arbeidsmøtet skal vidare danne grunnlag fram mot at innstillinga til kommunestyret skal handsamast i neste møte i kontrollutvalet.

Konklusjon:

Sidan dette er eit arbeidsmøte vert saka lagt fram utan forslag til vedtak.